

Budsjett 2026

Økonomiplan 2026-29



Foto; Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS



Fremskrittspartiet



Uavhengig



1 Innleiing

FrP, H, KrF, INP og Uavh. sitt framlegg til Budsjett 2026 / Økonomiplan 2026-29 følgjer under.

Budsjettet byggjer på kommunedirektøren sitt framlegg av 30.10.25. Der vi ikkje har konkrete endringar til budsjettet eller verbale føringar sluttar vi oss til kommunedirektøren sitt framlegg.

Vi ber om at kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert oppdatert med dei talmessige endringane og verbale føringane som kjem fram av dette budsjettframlegget.

2 Overordna føringar

FrP/H/KrF/INP/U legg også i år fram eit nøkternt og realistisk budsjett, tilpassa den økonomiske situasjonen kommunen står i;

- Frie inntekter er basert på framlegg til Statsbudsjettet 2026
- Inntekter frå Havbruksfondet vert budsjetttert på eit jamt lågt nivå på 20 mill kr/år
- Det er ikkje budsjetttert med avkastning på finansporteføljen
- Netto driftsrammer til sektorane på nivå med framlegget frå kommunedirektøren
- Ingen nye større kostnadsdrivande driftstiltak
- Investeringane er på ei minimum – ingen nye store prosjekt
- Ingen eigedomsskatt
- Budsjetttert netto driftsresultat på 0,9% gjer ein liten buffer mot uføresette kostnader i 2026
- Eventuell meirinntekt knytt til forhandlingane i Stortinget om Statsbudsjettet 2026 vert sett av til å styrkja disposisjonsfondet / auka bufferen i budsjettet
- Bruk av premiefond på 65,6 mill kr i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg

Å «setja tæring etter næring» er heilt naudsynt i ei tid der kommuneøkonomien er under sterkt press i heile landet. Bjørnafjorden kommune er inga unnatak.

Regjeringa har dei siste åra ikkje kompensert den underliggjande kostnadsveksten i kommunane knytt til generell prisstigning, høgare lånerente, gode lønsoppgjer, auka pensjonskostnader og kamp om arbeidskraft.

Åtvaringane har vore klåre frå KS, og i 2024 gjekk heile 6 av 10 kommunar med underskot. Prognosane for den samla kommuneøkonomien er marginalt betre i 2025, men framleis melder ca halvparten av kommunane om underskot. Talet kommunar på ROBEK-lista er venta å auka kraftig framover.

AP-regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett 2026 gjev diverre ikkje von om betre tider i 2026. Veksten i frie inntekter dekkjer knapt pris- og lønsvekst, auka pensjonskostnad og demografiendringar. Rentebanen er også heva, slik at finanskostnadane aukar i høve det som låg til grunn for eit år sidan.

Samstundes står Norge overfor store demografiske endringar, med kraftig auke i tal eldre i høve personar i yrkesaktiv alder. Dette gjer kamp om arbeidskrafta, spesielt innan helse- og omsorgstenestene.

Kommune-Norge står med dette samla bakteppe over store utfordringar. Omstilling må til, og det hastar.

Bruttobudsjettet til Bjørnafjorden kommune på vel 2,64 milliardar kroner i 2026 gjer likevel rom for gode tenester til innbyggjarane, og det utan eigedomsskatt.

FrP/H/KrF/INP/U ynskjer ikkje å velte utfordringa med krevjande kommuneøkonomi over på innbyggjarar og næringsliv i form av eigedomsskatt.

Omstilling 25 og tiltaka som er sett i verk dei siste åra har gitt positiv effekt på driftsbalansen. Vi har framleis høgare årlege utgifter enn inntekter, men er på rett veg i høve utgangspunktet ved starten av valperioden. FrP/H/KrF/INP/U sitt mål er at Bjørnafjorden kommune i løpet av valperioden skal vera i økonomisk balanse.

Gjennom 2025 har ein også arbeidd med den heilskaplege innsats- og bustadtrappa. Dette arbeidet vert avgjerande for å lukkast med omstillinga i Bjørnafjorden kommune. FrP/H/KrF/INP/U stør arbeidet med dei 11 delprosjekta som førebels er identifisert, og legg til grunn at vi i fellesskap no gjer alt vi kan for å realisera tiltaka.

Omstillinga vert krevjande, men om vi står saman vil vi lukkast!

FrP/H/KrF/INP/U vil difor nytta høve til å takka administrativ leining, tillitsvalde og alle tilsette for den jobben som vert gjort kvar dag 24/7/365 til det beste for innbyggjarane i kommunen.

Arbeidet med den heilskaplege bustad- og innsatstrappa vil også krevje involvering frå resten av lokalsamfunnet. Frivillig sektor, næringslivet og kvar einskild innbyggjar vil etter kvart bli invitert inn i arbeidet. Dette handlar om å ta ansvar for eige liv, lokalsamfunnet vårt, ta del i den store dugnaden og bidra til det gode liv for alle.

3 Strategi 2027

Ved inngangen til valperioden hadde Bjørnafjorden kommune ein ubalanse i driftsbudsjettet på ca 150 mill kr. FrP og Høgre innleia eit samarbeid, og presenterte fire overordna mål for perioden

- Få orden på kommuneøkonomien
- Prioritera primærtenestene
- Byggja *ein* felles kultur for Bjørnafjorden
- Setja fart på utviklinga av Bjørnafjorden

I vedtaket knytt til Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 vart dette konkretisert i **Strategi 2027** med fem hovudgrep;

A. Redusere driftskostnader – setja tæring etter næring

B. Auka driftsinntektene – stimulera til bustad- og næringsetableringar

C. Samarbeid – styrkja 3-partssamarbeidet politikk-administrasjon-tillitsvalde

D. Engasjera frivillig sektor – overføra ikkje-lovpålagte oppgåver

E. Merkevara Bjørnafjorden – byggja felles identitet

FrP/H/KrF/INP/U er samde om at desse grepa ligg fast ut denne valperioden (sjå Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 for utdjupeing av punkta A-E).

Pr. 2025 ser ein klare resultat av **Strategi 2027**. Ubalansen i driftsbudsjettet er for 2026 redusert til om lag 50 mill kr. Ein har halde att på utgiftssida, og inntektene er gradvis auka gjennom satsing på bustad- og næringsutvikling.

Folkeveksten har tatt seg opp, og aktiviteten i bustadmarknaden gjev von om at utviklinga held fram. Pr 3.kvartal 2025 er folkeveksten på rekordhøge 368 innbyggjarar tilsvarande 1,4%, og det er gledeleg at fødselstala også går opp. I 2026 får Bjørnafjorden kommune, for første gong på fleire år, sokalla vekstkommunetilskot. Det er ei positiv utvikling.

Bjørnafjorden Utviklingsselskap (BUS AS) har utvikla Lyseparken og Samnøy Næringsområde på ein framifrå måte, og i 2026 legg ein for første gong opp til utbytte frå selskapet på 15 mill kr.

Vi opplever også 3-partssamarbeidet som godt, medan vi framleis har meir å gå på i høve samarbeid med frivillig sektor, felles identitet og merkevara Bjørnafjorden.

Arbeidet med pkt. A-E over må difor halda fram.

For 2026 vil vi lista opp følgjande fokusområde;

- Halda budsjettrammene til tenesteområda gjennom 2026. Dette krev tett oppfølging frå administrativ og politisk leiing gjennom året. Basert på

sektorrammene i budsjettet må ein spesielt ha fokus på tenesteområde Helse og velferd.

- Vidareføra arbeidet med å redusera sjukefråværet, ref. mål i budsjettet om samla sjukefråvær på 6,5%
- Implementering av heilskapleg bustad- og innsatstrapp i heile organisasjonen
- Konkrete prosjekt for omsorgsbustader på Osøyro og i Eikelandsosen (private)
- Omregulering av Lyseparken
- Leggja betre til rette for bustadbygging i Bjørnafjorden Aust, ref. arealplanprosessen
- JA-haldning i arealpolitikken, og effektiv handsaming av plan- og byggesaker
- Utvikling av kommunesenteret Osøyro og kommunedelsenteret Eikelandsosen
- Tiltak for å byggja felles identitet og merkevara Bjørnafjorden

4. Prosjekt Heilskapleg bustad- og innsatstrapp

Dette prosjektet vert avgjerande for Bjørnafjorden kommune si framtidige evne til å yta lovpålagde kvalitetstenester til innbyggjarane innanfor tilgjengelege økonomiske rammer. Kommunestyret har samrøystes slutta seg til rammeverket for *Heilskapleg bustad- og innsatstrapp*, samt 11 delprosjekt, gjennom vedtaket i juni 2025.

Bjørnafjorden kommune har i realiteten stått kontinuerleg i omstilling sidan samanslåinga i 2020. FrP/H/KrF/INP/U ser at det er krevjande for både leiarar, tilsette og tillitsvalde å ta fatt på nok eit stort omstillingsprosjekt, men legg til grunn at dette skal vi klare i fellesskap. For å sikre noko avlastning i linja, samt gjennomføringskraft i prosjektet, set vi difor av inntil 1,5 mill kr pr år til gjennomføring av prosjektet i 2026 og 2027. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponera midlane til frikjøp, innleige av prosjektstøtte e.l.

Vidare set vi av 1 mill kr årleg til tiltak som kan styrkja tiltak nede i innsatstrappa innan alle tre tenesteområda Oppvekst, Helse og velferd og Samfunnsutvikling. Denne posten kan aukast noko ved rullering av økonomiplanen etter kvart som delprosjekta identifiserer konkrete tiltak.

Vidare legg FrP/H/KrF/INP/U til grunn at Tenesteutvalet får særskilt ansvar for å følgja opp prosjektet. Vi oppmodar medlemmane i Tenesteutvalet om å drøfta korleis utvalet kan justera arbeidsforma for å frigjera tid til;

- Oppfølging av prosjekt Heilskapleg bustad- og innsatstrapp
- Fleire omreisedagar ute på tenesteeiningane i kommunen

Om naudsynt kan einskilte saker som i dag kjem til handsaming i utvalet utgå.

FrP/H/KrF/INP/U ber også om at kommunedirektøren legg til rette for god samhandling

mellom Tenesteutvalet og administrasjonen i høve rapportering på delprosjekta, herunder presentasjon av mandata, framdrift, forslag til tiltak, gevinstrealisering osv.

5 Driftsbudsjett

I tabellen under følgjer FrP/H/KrF/INP/U sine endringar i driftsbudsjettet 2026-29.

Endringar på tiltak fremja av kommunedirektøren, samt nye tiltak frå FrP/H er særskilt kommentert i teksten under for kvart tenesteområde.

Driftsbudsjettet syner eit netto driftsresultat på 0,9% i 2026, aukande til 1,6% siste året i økonomiplanperioden. Målet er å kunna setja av netto driftsresultat (overskot) til disposisjonsfond.

Kommunedirektøren peikar på at det er størst risiko knytt til netto driftsramme for Helse og velferd. FrP/H/KrF/INP/U understrekar at det er eit overordna mål å holde driftsrammene i alle tenesteområda.

Samstundes ligg det ein buffer i budsjettet knytt til netto driftsresultat, høgare folkevekst enn landsgjennomsnittet (auka frie inntekter), ikkje budsjettert inntekt frå Havbruksfondet, potensiell positiv avkastning på finansporteføljen og eventuelle meirinntekter frå forhandlingane i Stortinget om Statsbudsjett 2026.

Dersom forhandlingane i Stortinget om Statsbudsjett 2026 aukar dei frie inntektene til Bjørnafjorden kommune vil FrP/H/KrF/INP/U setja av desse midlane til disposisjonsfond som ein ekstra buffer i budsjettet. Budsjettert netto driftsresultat for 2026 vert då styrka tilsvarande (vert justert i kommunestyret dersom Stortinget har vedtatt justert statsbudsjett for 2026).

Budsjett 2026/Økonomiplan 2026-29 – framlegg FrP/H/KrF/INP/U

Tiltak	2026	2027	2028	2029
<u>Frie inntekter</u>				
Budsjettering Havbruksfond jevnt 20 mill/år - sjå tekst	- 7 000 000	- 7 000 000	- 7 000 000	- 7 000 000
Delsum	- 7 000 000	- 7 000 000	- 7 000 000	- 7 000 000
<u>Fellesområde</u>				
Sentral pott til tenestekjøp frå Bjørnafjorden ASVO	500 000	500 000	500 000	500 000
Delsum	500 000	500 000	500 000	500 000
<u>Stab</u>				
Tiltaksmidlar nede i innsattstrappa (alle sektorar)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Prosjekt bustad- og innsattstrapp - styrka gjennomføring	1 500 000	1 500 000		
Leiar- og organisasjonsutvikling	300 000	300 000	300 000	300 000
Delsum	2 800 000	2 800 000	1 300 000	1 300 000
<u>Oppvekst</u>				
Menn i oppvekst - prosjekt (rekruttering)	500 000	1 000 000		
Delsum	500 000	1 000 000	-	-
<u>Helse og velferd</u>				
Delsum	-	-	-	-
<u>Samfunnsutvikling</u>				
Opprettholda døgnpris bubil inkl. straum kr 350	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000
Oppretthalda hamneavgift kr 350 overnatting gjestehamr	- 50 000	- 50 000	- 50 000	- 50 000
Parkering Osøyro +4% også på månads- og årskort	- 25 000	- 25 000	- 25 000	- 25 000
Arkitektkonkurranse kaifronten/Esso	800 000			
Delsum	625 000	- 175 000	- 175 000	- 175 000
<u>Finans</u>				
Delsum	-	-	-	-
Sum endringar	- 2 575 000	- 2 875 000	- 5 375 000	- 5 375 000
Netto driftresultat kommunedirektøren sitt framlegg	19 487 000	27 537 000	34 518 000	34 578 000
Nytt netto driftsresultat FrP/H/KrF/INP/U	22 062 000	30 412 000	39 893 000	39 953 000
Nytt netto driftsresultat i % av driftsinntekter	0,9	1,2	1,6	1,6

Tabell 1 Endringar i driftsbudsjett (+ = meirutgift/mindreinntekt, - = mindreutgift/meirinntekt)

5.1 Frie inntekter

FrP/H/KrF/INP/U legg til grunn rammetilskot og skatteinntekter basert på Statsbudsjettet for 2026, sjølv om den høge folkeveksten nok gjer rom for å auka desse inntektene noko.

Inntekter frå Havbruksfondet varierer med høvesvis høge og låge utbetalingar anna kvart år. Rådgjevar Kontali utarbeide i fjor prognose knytt til forventta utbetaling til Bjørnafjorden kommune i økonomiplanperioden. Kommunedirektøren har lagt seg på det lågaste nivået, og budsjetterer med 13 mill kr pr år i perioden.

FrP/H/KrF/INP/U legg til grunn ein modell der vi utjamnar inntektene frå Havbruksfondet, slik at vi årleg kan budsjettera med 20 mill kr til bruk i driftsbudsjettet. Vi budsjetterer difor med 20 mill kr frå Havbruksfondet i 2026, sjølv om prognosen syner inntekter på om lag 40 mill kr. Målet er at meirinntektene ut over budsjettert inntekt i 2026, anslagsvis 20 mill kr, vert avsett til eit lokalt fond – *Havbruksfond Bjørnafjorden*. Føresetnaden for slik avsetting er at rekneskapsresultatet 2026 gjev rom for avsetting til fond. Dette lokale fondet, *Havbruksfond Bjørnafjorden*, kan vi då trekkja på annakvart år når vi får lågare utbetaling frå staten. Tilsvarande kan vi fylla på fondet i år med høg utbetaling.

	2026	2027	2028	2029
Prognose Havbruksfondet	39 700 000	13 100 000	50 600 000	
Kom.dir sitt framlegg driftsbudsjett	13 000 000	13 000 000	13 000 000	13 000 000
FrP/H/KrF/INP/U sitt framlegg	20 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000
Bruk/avsetting Havbruksfondet Bj.f.	19 700 000	- 6 900 000	30 600 000	
Havbruksfondet Bj.f pr 31.12	19 700 000	12 800 000	43 400 000	

Tabell 2 Lokalt Havbruksfond Bjørnafjorden

5.2 Fellesområde

FrP/H/KrF/INP/U legg inn ein sentral pott på kr 500 000 pr år til tenestekjøp frå Bjørnafjorden ASVO, ref. verbalframlegg i 2025-budsjettet. Midlane kan fordelast til dei tenestesektorane som inngår avtale om samarbeid med ASVO'en, t.d. utvida engasjement på sjukeheimane i Helse og velferd eller vedlikehald av utemøblar, grøntareal, torg og baldakinar o.l. på Samfunnsutvikling.

5.3 Stab

FrP/H/KrF/INP/U legg inn midlar til gjennomføring av *Prosjekt Heilskapleg bustad- og innsatstrapp* (sjå kap. 4).

FrP/H/KrF/INP/U legg også inn ein pott på kr 300 000 pr år til leiar- og organisasjonsutvikling i kommunen. Felles identitet og organisasjonskultur er eit satsingsområde for å byggja *ein* Bjørnafjorden kommune, her under arbeid med kommunen si vedtekne merkevare knytt til visjon, misjon og verdier.

5.4 Oppvekst

FrP/H/KrF/INP/U legg inn midlar i 2026 (kr 500 000) og -27 (kr 1 000 000) til eit pilotprosjekt **Menn i oppvekst** for rekruttering av menn til barnehagar og skular. **Menn i oppvekst** bør ta utgangspunkt i konseptet Menn i helse, og i prosjektutviklinga skal Bjørnafjorden kommune søkja samarbeid med t.d. NAV, Vestland fylkeskommune og andre kommunar.

FrP/H/KrF/INP/U viser til suksessen med etableringa av **Ungdom i Aktivitet (UiA)** på Bergstø Gard. Tiltaket gjer ungdom i Bjørnafjorden eit viktig tilbod for å motverka isolasjon, mobbing, skulevegring m.m, og FrP/H/KrF/INP/U ser gjerne at samarbeidet med Bjørnafjorden kommune vert utvida. Vi ber difor kommunedirektøren om å gå i dialog med UiA for å drøfta korleis samarbeidet og bruken av tiltaket kan vidareutviklast framover.

FrP/H/KrF/INP/U ber også om at ein arbeidar vidare med å leggja til rette for at frivillig sektor, t.d. idrettslaga, kan få nytta Ung Arena og Fjorden Arena til å skapa gode tilbod til ungdommen vår. Terskelen for at frivillige lag og organisasjonar skal kunne nytta bygga må leggjast lågast mogeleg.

FrP/H/KrF/INP/U kjem attende til mottak av flyktningar for 2026 når administrasjonen fremjar sak etter nyttår. Vi syner også til KS som peikar på at Beregningsutvalget har dokumentert vesentleg underdekning på integreringstilskotet i høve faktiske integreringskostnader i kommunane to år på rad. [Siste kartlegging syner at integreringstilskotet berre dekkjer 90,1% av kommunane sine faktiske kostnader.](#) I framlegg til Statsbudsjett 2026 er integreringstilskotet vidareført på 2025-nivå, noko som svekkjer finansieringa ytterlegare. I tillegg kjem kostnader knytt sosialhjelp etter integreringsperioden.

FrP/H/KrF/INP/U ber kommunedirektøren om å vurdere dette ved utgreiing av anmodningssaka for 2026.

5.5 Helse og velferd

Gjennomføringa av fleire av delprosjekta innan *Heilskapleg bustad- og innsatstrapp* vert sentralt for tenesteområdet i 2026. Meirforbruket på Helse og velferd har vore stort også i 2025, og kostnadsnivå må ned for å halda netto driftsramme i 2026. FrP/H/KrF/INP/U vil understreka at dette krev ekstra økonomioppfølging i heile styringslina.

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg er det sett av ein buffer på 15 mill kr til tenesteområdet. FrP/H/KrF/INP/U ber om at det blir etablert ei rutine med godkjenning hos kommunedirektøren for trekk på denne bufferen, og at eventuelt trekk vert rapportert til formannskapet i månadsrapportane på økonomi.

FrP/H/KrF/INP/U syner til at det også er lagt inn 1 mill kr til tiltak nede i innsatstrappa under tenestoområde Stab. Eitt aktuelt tiltak kan vera utvida dagsentertilbod for demente til også å gjelde einskilde kveldar og evt. nokre helgedagar i månaden.

Potensialet i å nytta KI, digitalisering og velferdsteknologi er stort. FrP/H/KrF/INP/U ber kommunedirektøren om å ha ekstra fokus på dette i arbeidet med t.d. turnusplanlegging, køyreruter og digitale heimetenester.

FrP/H/KrF/INP/U legg vidare til grunn at reforhandling av Bjørnafjordmodellen for legane ikkje skal gje kommunen auka kostnader, snarare tvert om. Ref. også Bergen kommune der byrådet i haust varsla avvikling av deira tiltakspakke for fastlegane. Vi ber også om at kommunedirektøren vurderer dekninga av sjukeheimslegar ved LBBF og FBBH.

5.6 Samfunnsutvikling

FrP/H/KrF/INP/U vidarefører døgnsetsen på 350 kr for bubilparkering inkl. straum, samt hamneavgift på 350 kr i gjestehamna. Vidare legg vi til grunn 4% prisvekst også for månads- og årskort knytt til parkering på Osøyro.

FrP/H/KrF/INP/U syner også til vedtaket i 2025-budsjettet om å greia ut potensialet for å etablere tilsvarende parkeringsregime som ein har på Osøyro også på kommunal grunn i Eikelandsosen. P.t. er det ikkje fremja sak til politisk handsaming på dette.

Når utskipping av tømmer no er flytta til Samnøy er arealet som i *Områdeplanen for Eikelandsosen* er avsett til kollektivterminal frigjort. FrP/H/KrF/INP/U ber administrasjonen ta kontakt med Vestland fylkeskommune v/Skyss for å sjå på potensialet for å opparbeida kollektivstoppet/-terminalen v/Fjord'n Nærsenter.

I 2025-budsjettet vart det sett av midlar til to friluftsområder, Steinavikjo og Tellevikjo. Det vart også uttrykt at stupebrettet i Mobergsvikjo skulle rustast opp dersom den økonomiske ramma for Tellevikjo-prosjektet gav rom for det. Diverre har det p.t. ikkje vore rom for det, og FrP/H/KrF/INP/U vil oppmoda administrasjonen om å søkja gåvemidlar eller annan ekstern finansiering til tiltaket i Mobergsvikjo.

Det ligg også inne kr 800 000 til gjennomføring av arkitektkonkurranse for kaifronten/Esso-tomten på Osøyro, ref. krav i *Områdeplanen for Osøyro*

Idretten

FrP/H/KrF/INP/U ber nok ein gong om at arbeidet med *Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv* vert prioritert. Planen er t.d. avgjerande for framtidig tilskotsmodell for idrettslag og andre frivillige organisasjonar i kommunen. T.d. har satsane for driftsstøtte til idrettsanlegg stått i ro i fleire år, medan kostnadane til straum m.m. har auka vesentleg.

FrP/H/KrF/INP/U syner også til brev frå Idrettsrådet knytt til budsjettprosessen, og ber kommunedirektøren å justera ordninga med gratis halleige for barne- og ungdomsaktivitet til også å gjelda i skuleferiane. Eventuell meirkostnad som ikkje kan takast innanfor tenesteområdet vert å rapportera til formannskapet.

5.7 Finans

Utbytte frå BUS AS

FrP/H/KrF/INP/U legg til grunn årleg utbytte på 15 mill kr frå Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS i økonomiplanperioden, men understrekar at endeleg nivå på utbyttet for det einskilde år må avklarast nærare i dialog med BUS AS ved rullering av økonomiplanen.

5.8 Oppfølging av driftsbudsjettet

Skal omstillinga i Bjørnafjorden lukkast er vi heilt avhengig av å dempa kostnadsveksten i tenestene.

Også i driftsåret 2025 ser vi at inntektssida til kommunen har utvikla seg positivt på fleire postar. Trass i dette synte 2.tertialrapport 2025 eit vesentleg meirforbruk mellom anna pga kostnadsvekst knytt til auka brukarbehov, vikarbruk og innleige av personell.

Arbeidet med å snu denne trenden må halda fram i 2026. Ramma for tenesteområde Oppvekst er for neste år justert i høve meirforbruket i 2025, medan det frå kommunedirektøren er understreka at det i 2026 framleis er knytt risiko til ramma for tenesteområde Helse og velferd. Dette krev budsjettdisiplin og tett administrativ og politisk oppfølging gjennom budsjettåret, med særskilt fokus på å dempa kostnadsveksten i tenestene.

Rapportering – økonomi

FrP/H/KrF/INP/U ber om at ein vidarefører månadsrapportar på økonomi til formannskapet, samt ordinære tertialrapportar for heile den kommunale verksemda.

Månadsrapporteringa til formannskapet skal vera detaljert, og gje formannskapet høve til å setja i verk andre tiltak dersom vedtekne tiltak ikkje let seg realisera. Dersom eit tenesteområde syner negativ avvik frå budsjett i to påfølgande månadsrapportar skal kommunedirektøren fremja forslag til korrigerande tiltak.

Rapportering – årsverk

FrP/H/KrF/INP/U var særst uroa over den samla årsverksutviklinga i den kommunale organisasjonen gjennom 2024. Årsverksrapporteringa pr 2.tertial 2025 tyder på at denne

veksten har flata ut, og at måtalet innbyggjarar pr årsverk gradvis vil betra seg. Det er på sikt positivt for driftsbalansen til kommunen.

FrP/H/KrF/INP/U ber difor kommunedirektøren om å oppretthalda fokuset på årsverksutviklinga i 2026. Ordninga med stillingskontroll må følgjast opp, og behovet for nye årsverk knytt til endra brukarbehov vurderast meir kritisk gjennom budsjettåret.

FrP/H/KrF/INP/U er positiv til at formannskapet no, i tråd med bestilling, får rapportering av årsverksutvikling på tenestenivå som del av økonomirapporteringa.

Utviklinga over tid i måtalet *innbyggjarar/årsverk* pr 31.12. gjer eit godt bilete på kor effektiv kommunen samla sett er i sin tenesteproduksjon. Dette vert eit viktig måltal også framover.

6 Investeringsbudsjett

FrP/H/KrF/INP/U sine endringar i investeringsbudsjettet kjem fram av Tabell 3.

Tiltak - endringar	2026	2027	2028	2029
Bårerom Nore Neset kyrkje	2 000 000			
Garasje og personalfasilitetar Fusa kyrkje	-	2 000 000		-
Sum	2 000 000	2 000 000	-	-

Tabell 3 Endringar i investeringsbudsjett

FrP/H/KrF/INP/U legg i 2026 og 2027 inn midlar til to mindre investeringsprosjekt knytt til bårerom v/Nore Neset kyrkje og garasje/personalfasilitetar v/Fusa kyrkje.

Vi ber vidare om at kommunedirektøren etablerer faste møte mellom kyrkja og kommunen i forkant av framtidige budsjettprosessar, ref. oppfølging frå bispevisitas i haust.

I høve grunntilhøva på Kuventræ Idrettsplass vil vi komme attende til denne saka i løpet av 1.halvår 2026, ref. eiga sak med fagleg utgreiing.

Endringane i investeringsbudsjettet er så små at det ikkje er grunnlag for å endre budsjettert rente- og avdragskostnader i driftsbudsjettet.

7 Verbale oppdrag frå tidlegare budsjett

Fleire verbale oppdrag frå tidlegare års budsjettvedtak er framleis under oppfølging. FrP/H/KrF/INP/U vil særskilt peike på følgjande føringar;

Sal av eigedom – arbeidet held fram. Det er framleis eit mål om å selja eigedom og bygningar som kommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon, ref. tidlegare opplista eigedommar. Pga. utfordringar med seksjonering ber vi administrasjonen vurdere sal av heile bygget som i dag vert nytta av politiet og VA-eininga (tilbakeleige for VA-delen).

Arealeffektivisering – arbeidet held fram. Målet om ei meir arealeffektiv kommunal verksemd ligg fast. Der det er mogeleg skal ein redusere leigde lokale, vurdere framleige av lokale og utleige/sal av lokale kommunen eig sjølv.

Organisering teknisk drift og prosjektavdelinga. Med referanse til verbalframlegg pkt 5.2 i budsjettdokumentet frå i fjor ber ein om ei attendemelding på arbeidet som er gjennomført.

Frivillig skogvern – Raudlio og Stokkedalen. Med referanse til verbalframlegg 5.5 i budsjettdokumentet frå i fjor legg ein til grunn at det vert fremja politisk sak til handsaming når utgreiinga er klår.

Nærværarbeid og sjukefråvær – kontinuerlig fokus. Pilotprosjektet Bonus for nærvær vert gjennomført i 2026 og 2027, og det generelle arbeidet med redusert sjukefråvær held fram med full tyngde.

Parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal. Når reguleringsplanen for parkeringsanlegg og ny kollektivterminal er sendt til 1.gongshandsaming må arbeidet med finansierings- og gjennomføringsplan for tiltaka intensiverast. Kostnadsoverslag skal utarbeidast, og ein må vurdere delfinansiering frå Miljøløftet/Vestland fylkeskommune, frikjøpsmidlar knytt til parkering, potensielle driftsinntekter og -utgifter, samt potensiale for å få inn private parkeringsselskap i utbygging og drift av parkeringsanlegget.

Bjørnafjorden ASVO – auka samarbeid. Ein skal vidareføra dialogen med Bjørnafjorden ASVO for å identifisera nye/utvida tenesteleveransar til kommunen.

Parkeringsløysing Eikelandsosen – vert fremja for politisk handsaming når saka er klar.

Småbåthamn framfor Os Sjøfront - vert fremja for politisk handsaming når saka er klar.

